



# VINJE KOMMUNE

## MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Plan- og miljøutvalet	Raulandsakademiet	11.11.2015	15:00

### Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Tone Edland	SP	
Liv Sigrun Nykos Midtun	SP	
Ove Kringlegarden	SP	
Ingerid Hayes	SV	
Arne Skogheim	H	
John Kleiv	AP	
Stine Johanna Haugen	AP	

Saker til handsaming	15/12 - 15/18
----------------------	---------------

Merknader
-----------

### Andre som møtte

Namn	Stilling
Thor Christiansen	Landbruksrådgjevar
Lotte Næss	Arealplanleggjar
Tove Bringsvær	Byggjesakshandsamar
Torill Nicolaisen	Næringssjef
Sten Andersen	Tenestetorgsjef

Tone Edland  
leiar

Reidun Lofthus  
administrasjonssekretær

## Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
PS 15/12	Referat og meldingar
PS 15/13	Modell for utleiekapasitet - kva for område som framover skal vere næringsområde
PS 15/14	Søknad om konsesjon på overtaking av landbrukseigedomen Li gnr. 164/3, 165/6
PS 15/15	Klage - søknad om deling til bustadføremål - gnr. 142/10
PS 15/16	Framlegg til detaljregulering for Myrbø 46/4 - 3.gongs handsaming og endeleg vedtak
PS 15/17	Aust-Telemark vassområde -vidareføring av prosjektet i 2016
PS 15/18	Transportløyve 2015/2016

## **PS 15/12 Referat og meldingar**

- RS 15/53      Protokoll frå plan- og miljøutvalsmøte 21.10.15
- RS 15/54      151/640 - Farhovd - Løyve til tiltak § 20-3 - fritidsbustad
- RS 15/55      140/209 - Rauland - Løyve til utslepp av svartvatn - Minireinseanlegg
- RS 15/56      Igangsettingsløyve - 150/489, tomt 384 Fritidsbustad
- RS 15/57      151/645 - Farhovd - Løyve til tiltak § 20-3 - fritidsbustad
- RS 15/58      19/2 - Martin Kallåk - Søknad om deling / justering av grunneigedom - arealoverføring med kartforretning
- RS 15/59      158/93 Erlandsgard - Løyve til tiltak - PBL § 20-4 påbygg
- RS 15/60      Melding om vedtak - Søknad om deling av gnr. 117/6 - Ingrid Skolås Jankov
- RS 15/61      99/914 Vågslid - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 15/62      99/911 Vågslid - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 15/63      84/8 - Grungedal - Løyve til tiltak § 20-4 - Driftsbygning
- RS 15/64      152/182 - Listaullii - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-3 - Fritidsbustad
- RS 15/65      99/849 - Vågslid - Løyve til tiltak § 20-3 - Tyrvelid vassverk
- RS 15/66      155/1 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 plathall
- RS 15/67      59/16 - Våmartveit - Løyve til tiltak § 20-3 - Utslepp
- RS 15/68      99/269 Vågslid - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 15/69      Sluttgodkjenning - investeringstilskot for organisert beitebruk - Smørklepp sankelag i Vinje
- RS 15/70      Melding om vedtak - konsesjon ved overtaking av skogsteig - del av gnr. 117/6

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:**

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

## **PS 15/13 Modell for utleigekapasitet - kva for område som framover skal vere næringsområde**

### **Rådmannens framlegg til vedtak:**

1. Ubygde areal i kommunedelplanområda Rauland, Rukkemo - Torvetjønn og Vågslid som i dag er regulert til næring, skal i framtida vere regulert til høvesvis næring eller fritidsbustad slik det gjort greie for i rådmannens vurdering, jfr vedlegg 1.
2. I dei meste sentrale områda skal ikkje noko ubyggd areal omdisponerast til fritidsbustad, og ein kvar endring bør vere til næring/infrastruktur, inkl. grønstruktur, slik det gjort greie for i rådmannens vurdering.

Rådmannen, 15.10.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### Handsaming i Formannskapet 29.10.2015:

Formannskapet vedtok samrøystes at Jon Rikard Kleven (Sp) var ugild i saka, jf. FVL § 6,1d. Formannskapet vedtok samrøystes at Kjetil M. Vaagen (Sp) var ugild i saka, jf. FVL § 6, 2. ledd.

Formannskapet vedtok samrøystes at Øystein Høgetveit (Sp) var ugild i saka, jf. FVL § 6, 2. ledd.

Alle gjekk ut medan formannskapet diskuterte kven som var ugilde. Ingen kom inn som vara.

Formannskapet valde Bibbi Tveito som setteordførar medan dei diskuterte kven som var ugilde.

#### Framlegg frå Ap v. Børre Rønningen:

Saka blir utsett til formannskapet er fulltaleg.

Framlegget frå Rønningen blei samrøystes vedteke.

**Saka blir utsett til formannskapet er fulltaleg.**

-----Dette er slutten på vedtaksteksten (denne teksten skrives ikke ut)-----

### Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:

#### Tilleggsframlegg frå rådmannen:

Tillegg til pkt. 1:

- I tillegg skal arealet omfatta av reguleringsplan for Mobø 136/71 PlanID 20070001 kunne omdisponerast til fritidsbustader.
- Reguleringsplan for Leirgravstaulen, PlanID 20090001: Ubebygde tomter skal vere næring. I tabellen, i kolonna fritid, skal teksten fjernast.

Framlegget og tilleggsframlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

- 1. Ubygde areal i kommunedelplanområda Rauland, Rukkemo - Torvetjønn og Vågslid som i dag er regulert til næring, skal i framtida vere regulert til høvesvis næring eller fritidsbustad slik det gjort greie for i rådmannens vurdering, jfr vedlegg 1.**
  - I tillegg skal arealet omfatta av reguleringsplan for Mobø 136/71 PlanID 20070001 kunne omdisponerast til fritidsbustader.
  - Reguleringsplan for Leirgravstaulen, PlanID 20090001: Ubebygde tomter skal vere næring. I tabellen, i kolonna fritid, skal teksten fjernast.
- 2. I dei meste sentrale områda skal ikkje noko ubygd areal omdisponerast til fritidsbustad, og ein kvar endring bør vere til næring/infrastruktur, inkl. grønstruktur, slik det gjort greie for i rådmannens vurdering.**

Saksordførar: Tone Edland

***PS 15/14 Søknad om konsesjon på overtaking av  
landbrukseigedomen Li gnr. 164/3, 165/6***

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

Plan – og miljøutvalet gjev - medhald av konsesjonsloven §§ 9 og 11 - Mariken Kramer konsesjon på erverv av eigedomen Lie gnr. 164/3 og 165/6 i Vinje, samt 1/16 andel av gnr. 49/22 i Tinn kommune. Det er eit vilkår at eigedomen skal ha fast busetting i minst ti år etter at konsesjon er blitt gjeven.

Rådmannen, 04.11.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan – og miljøutvalet gjev - medhald av konsesjonsloven §§ 9 og 11 - Mariken Kramer konsesjon på erverv av eigedomen Lie gnr. 164/3 og 165/6 i Vinje, samt 1/16 andel av gnr. 49/22 i Tinn kommune. Det er eit vilkår at eigedomen skal ha fast busetting i minst ti år etter at konsesjon er blitt gjeven.

***PS 15/15 Klage - søknad om deling til bustadforemål - gnr.  
142/10***

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

Plan – og miljøutvalet tek ikkje klaga frå Astrid Lyslid v/ Svein Olav Hagen til følgje. Utvalet held fast ved vedtaket frå 24.6.2015:  
Plan – og miljøutvalet gjev avslag på søknad om omdisponering av dyrka mark og frådelling av bustadtomt frå gnr. 142/10, jf. jordlova §§ 9 og 12, 2 ledd, samt plan – og bygningslova § 11-6.

Rådmannen, 04.11.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:**

Plan- og miljøutvalet fann samrøystes Tone Edland (Sp) og Liv Sigrun N. Midtun (Sp) gilde, jf. FVL § 6, 2. ledd.

**Framlegg frå Sp v. Ove Kringlegarden:**

Vegen må byggjast inntil eigedomsgrensa til naboeigedomen, slik at minst mogleg av dyrka mark blir brukt. Vegtraseen må godkjennast av kommunen før bygging.

Framlegget frå Kringlegarden blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Plan – og miljøutvalet tek klaga frå Astrid Lyslid v/ Svein Olav Hagen til følge.  
Plan – og miljøutvalet gjev løyve på søknad om omdisponering av dyrka mark og frådelling av bustadtomt frå gnr. 142/10, jf. jordlova §§ 9 og 12, 2 ledd, samt plan – og bygningslova § 11-6. Vegen må byggjast inntil eigedomsgrensa til naboeigedomen, slik at minst mogleg av dyrka mark blir brukt. Vegtraseen må godkjennast av kommunen før bygging.

## ***PS 15/16 Framlegg til detaljregulering for Myrbø 46/4 - 3.gongs handsaming og endeleg vedtak***

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

Framlegg til ny detaljregulering for Myrbø 46/4 alternativ B, vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12 -12, med endringar i føresegnene som er nemnde i rådmannens vurdering.

Rådmannen,  
Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Framlegg til ny detaljregulering for Myrbø 46/4 alternativ B, vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12 -12, med endringar i føresegnene som er nemnde i rådmannens vurdering.

Saksordførar: Ingerid Hayes

## *PS 15/17 Aust-Telemark vassområde -vidareføring av prosjektet i 2016*

### *Rådmannens framlegg til vedtak:*

1. Prosjektarbeidet i Aust-Telemark vassområde blir vidareført i 2016 med prosjektleiar tilsett i 50 % stilling i Tinn kommune.
2. Tillegget til prosjektplanen for Aust-Telemark vassområde, datert 10.10.2015 blir godkjent.
3. Kostnader og finansiering for Vinje kommune på kr. 82.000 til prosjektet, blir lagt inn i budsjettet for 2016.
4. Det skal fremmas ei eiga sak om fast organisering av vassforvaltningsarbeidet i kommunen/ vassområdet snarast råd etter at den nasjonale evalueringa av arbeidet i vassregionane er ferdigstilt, og seinast i 2017.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:**

#### Framlegg frå plan- og miljøutvalet:

Saka blir utsett til utvalet har fått ei orientering om temaet.

Framlegget frå utvalet blei samrøystes vedteke.

Saka blir utsett til utvalet har fått ei orientering om temaet.

## *PS 15/18 Transportløyve 2015/2016*

### *Rådmannens framlegg til vedtak:*

Plan- og miljøutvalet tildeler med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, transportløyve til søkjarane 1.-17. Søkjar nr. 19 får løyve når rapport for vinteren 2014-2015 er levert.

Rådmannen, 04.11.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:**

#### Framlegg frå Ap v. John Kleiv:

Alle som har søkt får løyve. Søkjar nr. 19 får løyve når rapport for vinteren 2014 – 2015 er levert.

Framlegget frå Kleiv blei samrøystes vedteke.

**Plan- og miljøutvalet tildeler med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, transportløyve til søkjarane 1 – 18 og 20 - 23. Søkjar nr. 19 får løyve når rapport for vinteren 2014-2015 er levert.**